

Takk frå Folkelista

Folkelista gjorde eit særst godt val. Vi fekk nesten kvar fjerde stemme og vart største grupperinga i det nye kommunestyret. I tillegg fekk førstekandidaten vår desidert flest personstemmer. I valkampen valde vi å konsentrere oss om politikk og enkeltsaker i programmet vårt i staden for å diskutere ordførarkandidat. Då vi såg at vi gjorde eit godt val, og at førstekandidaten vår fekk flest personstemmer, innsåg vi at vi måtte ta ansvar også i ordførarspørsmålet.

Under sonderingane/diskusjonane tok vi kontakt med alle partia for å få til ei breiast mogleg politisk plattform. Slik meinte vi at vi best kunne få fred og ro i kommunen. Diverre nådde vi ikkje fram. Fleirtalet av dei etablerte partia gjekk saman og laga ein smalast mogleg konstellasjon på 11, og stengde ute eit mindretal på 10. Etter vårt syn er dette uheldig for det politiske arbeidet frametter. Vi meinte at Hareid kommune no hadde trong for ein verkeleg brei politisk allianse. At eit knappast mogleg fleirtal valde denne løysinga, etter år med kiv og strid i Hareid, lyt vi berre ta til vitande.

Folkelista vil gjere sitt til at det vert fred i Hareid, sjølv om utgangspunktet kunne ha vore betre. Vi har fått eit klart mandat frå veljarane, og det skal vi forvalte på ein god måte. No startar den politiske kvardagen, og vi lovar at vi ikkje skal bli politiske nikkedokker!

Du som folkeliste-veljar skal kjenne at vi tek deg på alvor og talar di sak i det politiske systemet. Vi er den største grupperinga i kommunestyret, og vi skal love deg at vi skal syne att!

Til slutt vil vi takke dykk som synte oss tillit ved å stemme på Folkelista. Du må gjerne kome med innspel, eller ta kontakt med oss om små eller store saker. Vi lovar at det skal arbeidast hardt for at m.a. demokrati og folkestyre skal ha vokstervilkår i Hareid!

Folkelista for Hareid kommune